



Vår dato:

24.05.2022

Vår ref:

2022/630

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Sogndal kommune  
Postboks 153  
6851 SOGN DAL

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kåre Træen, 5764 3004

## Sogndal kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Sogndal kommunestyre har i møtet 09.12.2021, sak 110/21, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan 2022 – 2025.

Sogndal kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparinger.

### Bustadsosialt arbeid

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren. I forsøksperioden er Husbankens rettleiingsoppgåver overført til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber derfor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innanfor det bustadsosiale arbeidet i budsjett dokumenta.

### Oppsummering

*Sogndal kommune har ved inngangen til økonomiplanperioden ein tilfredsstillande økonomi. Men utviklinga i perioden viser utfordringar med å skaffe balanse i drifta. Difor har kommunestyret vedteke tiltak for innsparinger, både i tenesteområda og administrasjonen. Tiltaka er nødvendig å gjennomføre for å følgje opp eiga målsetjing om eit driftsresultat, som over tid skal vere over 1,75 prosent. Kommunen har ei god utvikling, med sterk vekst i folketallet. Men dette fører òg med seg behov for investeringar, finansiert med nye lån. Lånegjelda aukar difor mykje utover det måltaket kommunestyret har vedteke, og kan på sikt vere ein risiko for handleevna til kommunen med følgjer for tenestetilbodet til innbyggjarane.*



## Budsjett 2022

Etter førebelse Kostra-tal for 2021<sup>1</sup> fekk kommunen eit netto driftsresultat på 53,9 mill. kroner. Det utgjer 3,9 prosent av driftsinntektene. Etter at det er overført 3,6 mill. kroner til investeringar og netto er avsett 12,8 mill. kroner til bundne fond, er netto avsetjing til disposisjonsfond 36,1 mill. kroner. Det betyr at det korrigerte driftsresultatet er lågare enn det ordinære. Disposisjonsfondet er ved utgangen av 2021 på 158,7 mill. kroner, som er 11,7 prosent av driftsinntektene. Gjennomsnittet for landet utan Oslo er 13,7 prosent.

Inntekt på skatt og formue og rammetilskot er budsjettet med 792,6 mill. kroner (inkl. naturressursskatt). KS-prognosene etter revidert nasjonalbudsjett er på 815,4 mill. kroner.

Inntektene for eigedomsskatt er budsjettet til 70,4 mill. kroner, medan faktisk inntekt i 2021 var 72,7 mill. kroner. Netto finansutgifter er budsjettet med 45,6 mill. kroner. Faktisk netto finansutgift i 2021 var 43,2 mill. kroner. Netto driftsresultat er etter dette negativt med - 3 mill. kroner, eller - 0,2 prosent av driftsinntektene. I dekking av resultatet er det overført 2,9 mill. kroner til investeringar, netto bruk av bundne fond 3,9 mill. og netto bruk av disposisjonsfond 1,9 mill. kroner.

Samanlikna med regulert budsjett for 2021 er det for sum netto driftsramme til administrasjon og tenesteområda budsjettet med ein mindre nominell auke til 2022.

Kommunen har planlagt investeringar i varige driftsmiddel for til saman 163,4 mill. kroner. Investeringane er finansierte med nytt lån på 125,7 mill. kroner, momskompensasjon 23,4 mill. og tilskot frå andre 14,2 mill. kroner. Lånefinansiering til brukarbetalte VAR-anlegg gjennom avgifter utgjer 47,7 mill. kroner. Til vidare utlån er det er budsjettet med 30 mill. kroner i nytt startlån frå Husbanken.

Ved siste årsskifte hadde kommunen som konsern ei brutto langsiktig lånegjeld på 1,134 mrd. kroner, som utgjorde 83 prosent av driftsinntektene. I 2021 var landsgjennomsnittet utan Oslo 115 prosent.<sup>2</sup>

## Økonomiplan 2022 – 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanen sin handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

I økonomiplanperioden aukar sum driftsinntekter med 43 mill. kroner, til 1,297 mrd. kroner i 2025. I hovudsak fordeler auken seg mellom skatteinntekter, rammetilskot og eigedomsskatt. Høvesvis er auken størst for inntekter frå eigedomsskatt, dette som følgje av auka skattesats for bustad- og fritidseigedomar i slutten av perioden. Sum driftsutgifter er lagt inn med ein mindre reduksjon på 10 mill. kroner, der lønsutgifter utgjer største delen. Netto finansutgifter aukar frå 45,7 mill. i 2022 til 62,8 mill. kroner i 2025.

---

<sup>1</sup> Konsern-tal for kommunekassen med kommunale føretak (KF), interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid.

<sup>2</sup> Konsern-tal for kommunekassen med kommunale føretak (KF), interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid.



Årleg netto driftsresultat er i 2023 budsjettet negativt med - 2,5 mill. kroner. Dei to siste åra i perioden er positive, med 18 mill. i 2024 og 32 mill. i 2025. Dette gjev eit gjennomsnitt for perioden på 0,9 prosent av driftsinntektene. Etter overføring til investeringar og bruk av bundne fond blir det i heile perioden avsett 55 mill. kroner til disposisjonsfond. Det betyr ei oppbygging av disposisjonsfondet til kommunekassa til å utgjere om lag 16 prosent av budsjettete driftsinntekter i 2025.

I heile økonomiplanperioden 2022 – 2025 er det planlagt investeringar i varige driftsmiddel for 892 mill. kroner. Største investeringane i perioden er skulebygging Sogndal sentrum, 1-10 skule Leikanger og basis- og fleirbrukskall i Sogndal. Av investeringane er det planlagt at 621 mill. kroner skal finansierast med nye lån, der 120 mill. kroner utgjer lån til investeringar i VA-anlegg. Startlån frå Husbanken for vidareutlån er vidareført med 30 mill. kroner kvart år i perioden. Brutto lånegjeld (inkl. startlån) aukar til om lag 128 prosent av driftsinntektene.

### Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Sogndal kommunestyre har vedteke følgjande måltal:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: > 1,75 prosent
- Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter: > 10 prosent
- Brutto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter: < 85 prosent.

Etter vedtaket til kommunestyret for budsjett- og økonomiplan, er måltala i prosent av inntekter berekna til:

	Mål	2022	2023	2024	2025
Netto driftsresultat	> 1,75 %	- 0,2 %	- 0,2 %	1,4 %	2,5 %
Disposisjonsfond	> 10 %	12,3 %	12,3 %	13,8 %	16,3 %
Brutto lånegjeld	< 85 %	98 %	102 %	116 %	128 %

### Statsforvaltaren sine vurderinger

Sogndal kommune har ved inngangen av økonomiplanperioden ein tilfredsstillande økonomi. Men utviklinga i perioden viser utfordringar med å skaffe balanse i drifta. Difor har kommunestyret vedteke tiltak for innsparingar, både i tenesteområda og administrasjonen. Tiltaka er nødvendig å gjennomføre for å følge opp eiga målsetjing om eit driftsresultat, som over tid skal vere over 1,75 prosent. Kommunen har ei god utvikling, med sterk vekst i folketallet. Men dette fører òg med seg behov for investeringar, finansiert med nye lån. Lånegjelda aukar difor mykje utover det måltal Kommunestyret har vedteke, og kan på sikt vere ein risiko for handleevna til kommunen.

Vi tilrår at kommunen gjer ein nærmare analyse av lånegjelda, som å beregne utvikling av den delen av gjelta som blir netto renteeksponert og korleis endra rente vil belaste kommuneøkonomien med følgjer for tenestetilbodet til innbyggjarane.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent